



Arkivsaknr: 2025/4935-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Studio Nor Knarvik AS - Helseveiledning til Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Helseveiledning til Alver kommune vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Studio Nor AS er eit aksjeselskap. Bransje: 93.130 Treningssentre. Registrert 25.03.1998.

Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Studio Nor er eit treningssenter/yogasenter lokalisert i Knarvik. Selskapet har 2 heiltidstilsette og 63 tilsette på deltid. Verksemda har treningssenter i Knarvik og på Manger, samt yogastudio (Yoga Nor). Verksemda har cirka 2000 medlemmer.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. august 2025 og er forventa ferdig stilt 1. august 2026.

Studio Nor jobbar med å utvide sine tenester for å hjelpe fleire menneske med å forebygge og behandle livsstilssjukdommar og har som mål å etablere digital helseveiledning som eit tilbod, både til næringslivet i Alver og til Alver kommune sine tilsette. I denne samanheng har verksemda søkt om midlar frå næringsfondet til prosjektet Helseveiledning til Alver kommune.

Prosjektet omfattar vidareutdanning og sertifisering av personlege trenarar til digitale helseveiledarar, samt investering i arbeidsverktøy for gjennomføring av tilbodet. Tenesta

inneber individuell oppfølging med kvalifiserte fagpersonar, og tek føre seg tema som vaneendring, livsstil, mental helse, ernæring, kvile, fysisk aktivitet og sosial meistring. Oppfølginga skjer via digitale plattformer og app-løysing.

Studio Nor søker no støtte frå Alver kommune sitt næringsfond til eit samarbeid med Alver kommune, og ønskjer å tilby denne tenesta til kommunen sine tilsette, kor tilsette kan bli henvist frå fastlege til eit 3-månaders digitalt opplegg. Modellen inneber ein kombinasjon av eigenbetaling og tilskot frå kommunen.

Prosjektleveranse / målsetting

Målet med prosjektet er å etablere eit heilskapleg og tilgjengeleg oppfølgingstilbod for personar med behov for livsstilsendringar, med særleg fokus på førebygging og reduksjon av sjukefråvær. Studio Nor ønskjer å tilby Alver kommune sine tilsette ei digital teneste som inkluderer individuell kartlegging, regelmessig oppfølging, tilpassa fysisk aktivitet og livsstilsrettledning over tre månader, med moglegheit for forlenging ved behov.

Gjennom dette pilotprosjektet ønskjer ein å vise korleis digital helseveiledning kan inngå som eit supplement til det offentlege helsetilbodet. Prosjektet vil bidra til å auke kompetansen i bedrifta, utvikle nye tenester, og skape grunnlag for vidare vekst i form av fleire heilårsstillingar. Tenesta har eit dokumentert fagleg fundament og er basert på nasjonale føringar for førebyggjande helsearbeid.

Studio Nor har allereie testa ut tenesta i samarbeid med lokale legekontor og fått gode tilbakemeldingar frå både legar og pasientar. Verksemda ser på dette prosjektet som eit viktig steg i utviklinga av nye, berekraftige helsetenester som både kan styrke bedrifta og gi meirverdi for samfunnet.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Helseveiledning til Alver kommune	200 000	100 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Studio Nor presenterer eit gjennomarbeidd og aktuelt prosjekt som tek tak i ei stor samfunnsutfordring – førebygging av livsstilssjukdommar og støtte til personar med behov for helseendring. Tenesta er innovativ og kan bidra til å avlaste det offentlege helsevesenet og støtte arbeidsgjevarar i arbeidet med å redusere sjukefråvær. Alver kommune ser svært positivt på dette tilbodet som Studio Nor no utvidar tenestene sine med.

Derimot er næringsfondet ikkje rette instans å søkje om støtte til eit slikt prosjekt då søknaden fell utanfor ramma for støtte. Eit prosjekt som inneber at kommunen skal inngå eit økonomisk samarbeid med ein privat, kommersiell aktør for oppfølging av egne tilsette, fell utanfor næringsfondet sine vedtekter og handlingsrom. Alver kommune kan ikkje bruke midlar frå næringsfondet til å subsidiere ei kommersiell teneste retta mot egne tilsette, sjølv om prosjektet har samfunnsnyttig innhald. Alver kommune oppmuntrar derimot verksemda om å søkje samarbeid med kommunen etter ordinære retningslinjer for offentlege innkjøp.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Helseveiledning for Alver kommune vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2025-0010.pdf
- 2 HELSEVEILEDNING I KOMMUNEN.pdf